



Steinar Haukås
Mykingvegen 61
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2192 - 16/27367

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2016

Gbnr 212/102 Eikanger Øvre. Løyve til å dele frå vegareala i Vahaugen bustadområde.

Eigedom: Gnr.212 bnr.102 Eikanger Øvre
Adresse for eigned: Vahaugen 26, 5913 Eikangervåg
Type tiltak: Deling av grunneigedom vegareal i bustadfelt
Heimelshavar: Steinar Haukås
Søker: Steinar Haukås

Saka gjeld:

Gnr.212 bnr.102 er eit regulert bustadfelt Vahaugen. Tomtene som kvar grunneigar skal disponere er alt delt frå før. Feltet er ferdig utbygd og Vahaugen velforeining skal overtake fellesareala frå grunneigaren. Dette er i samsvar med avtale datert 16/6-2016 og signert av både partar. 212/102 omfattar no fellesareala til veg, leik, friområde og felles naustareal. I følgje gardskartet er heile eigedommen 13,6da. Vegparsellen er om lag 1385m² målt på kartet.

I følgje utbyggingsavtale mellom grunneigar/utbyggjar og Lindås kommune skal kommunen overtake vegareala for vedlikehald og ettersyn som offentleg veg.

Søknaden datert 04.07.2016 er mangelfull med omsyn til kva saka eigentleg gjeld, men i det følgjande vert spørsmålet om å dele frå vegarealet handsama. Arealet som vert deltfrå er definert nærare i vedtaket. Det er kommunen som har utarbeidd kartet som syner kva som skal delast frå. Kartet er eit vedlegg i saka.

Planstatus/dispensasjonar:

Parsellen som skal delast frå er i reguleringsplanen sett av til føremålet. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

Tilkomst:

Det gjeld frådeling av parsell som omfattar offentleg veg i privat bustadfelt. Tilkomst er ikkje ein aktuell problemstilling.

Vassforsyning og avløp:

Vassforsyning og avløp er ikkje aktuelt.



Tiltaket ligg i regulert område og er i samsvar med plan. Uttale frå andre mynde er ikkje naudsynt.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 1385m² areal frå gnr.212 bnr.102. Arealet omfattar vegarealet i Vahaugen bustadfelt. Arealet som skal delast frå er avgrensa slik:

Vegareal frå innkøyring til feltet frå FV 397 og vegbane fram til om lag midt på gbnr 212/126 og midt på gbnr 212/108. Vegbane vidare over mot vestsida av feltet og fram til om lag midt på gbnr 212/117. Til sist skal vere med vegbane fram til og med snuhammar ved gbnr 212/114. Vegbana som skal vere med er skravert med svart på gardskartet over gbnr 212/102.

Arealbruken er i samsvar med gjeldande plan.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl§20-1 jf. §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av om lag 1385m² areal til veg i ferdig utbygd bustadfelt Vahaugen. Arealbruken er i samsvar med gjeldande plan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret i desember 2015, gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremål, grensene ikkje fastsett i godkjend plan kr.6900,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i samsvar med delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå dei fekk vete om avgjerda, jf. §§ 28 flg i Forvaltningslova.

Med helsing

Frøydis Ones

Eli Bjørklid

konst. avdelingsleiar

saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Steinar Haukås

Mykingvegen 61 5913

EIKANGERVÅG